

«Forslag til effektivisering og moglegheiter for innsparing i oppvekstsektoren»

Høyringsuttale frå verneomboda på SUBUS

Verneomboda var invitert inn i arbeidet med ei ROS-analyse i samband med endring i skulestruktur, men opplevde lite rom for innspel. Store delar av møtet vart brukt på å drøfte kjenslene til tilsette, føresette og elevar rundt ei eventuell skulesamanslåing. Kjensler skal ein ikkje avfeie, men det er òg mange andre område som bør belysast i ein ROS-analyse. ROS-analysen ser vi difor på som ufullstendig. I forkant av ROS-møtet samla vi inn innspel frå personalet på SUBUS, som ikkje vart teke med i ROS-analysen, men er utgangspunkt for denne høyringsuttalen. Vårt utgangspunkt er altså korleis skulesamanslåing vil påverke arbeidsmiljøet for tilsette (og elevar) på SUBUS.

Fleire elevar på lite plass

Fleire elevar på lite plass (dette gjeld alle rom, inne og ute) går ut over tryggleik, konfliktnivå, konsentrasjon, klasseleiing og kvaliteten på undervisninga. Dette aukar både arbeidsbelastning og emosjonell belastning på dei tilsette. Auka gruppestorleik i fag som kroppsøving, kunst og handverk, valfag og symjing kan utgjere ein tryggleiksrisiko og gi dårlegare opplæringstilbod.

Auka press på ein allereie uhaldbar trafikksituasjon, og eit trongt og dårleg utstyrt uteområde.

Øye-området er ikkje godt nok tilrettelagt for trafikken vi allereie har, som vil auke betydeleg med fleire tilsette og fleire elevar som blir levert og henta.

Fleire elevar på eit lite og dårleg utstyrt uteområde vil auke konfliktnivået blant elevane, og gjer det meir utfordrande å ha oversikt for dei tilsette som er på tilsyn.

Dårlegare opplæringstilbod

Mindre fleksibilitet i rombruk, samt mangel på grupperom, gir eit dårlegare opplæringstilbod. Det gjer det svært vanskeleg å sikre forsvarleg gjennomføring av lovpålagte oppgåver; tilrettelagt og tilpassa opplæring. Dette er allereie ei utfordring, og blir slett ikkje lettare med 120 elevar til.

Vi er allereie så pressa på areal på SUBUS at vi brukar kunst og handverksrom som faste undervisningsrom; desse er ueigna til ordinær undervisning, og det fører til at vi må bruke klasserom til undervisning i praktiske fag. Dette gir dårlegare kvalitet på undervisninga grunna manglande tilgong på utstyr, ueigna møblering. Årets vernerunde viser mellom anna at vi har utfordringar med luftkvalitet grunna tørking av kunstprodukt (måling, gips) på ueigna stader, fordi dei eigna romma er fullbelagte. Ei degradering av undervisning i praktisk-estetiske fag er dessutan slett ikkje i tråd med nasjonal satsing på praktisk undervisning, jf. Stortingsmelding 34, «En mer praktisk skole – Bedre læring, motivasjon og trivsel på 5.-10. trinn.».

Støy, inneklime og hygiene

Fleire elevar og tilsette aukar støynivået og påverkar inneklime. I tillegg vil det gi auka smittefare. Vi har allereie vore gjennom ein pandemi, og bør ta lærdom av dette. Den gongen var SUBUS framleis delt, og vi hadde nok areal til å ivareta smitterverntiltak samtidig som vi kunne gje eit forsvarleg undervisningstilbod då skulane opna igjen. Overfylte klasserom og arbeidsrom, slik vi har det pr. i dag, ville gjort det umogleg å halde «meter'n».. I tillegg har vi no dårlegare toalettkapasitet (dermed også færre moglegheiter for handvask). Garderobekapasiteten, både for elevar og tilsette, er òg svært begrensa – på småtrinnet er garderobekapasiteten sprengt.

Fleire elevar og tilsette vil gi auka behov for reinhald. På SUBUS er det allereie kutta i reinhald, og samtidig har rombruken auka (klasserom i kjellaren m.m.) slik at rom som tidlegare kunne vaskast i løpet av skuledagen no må vaskast før skulestart – dette er ikkje gjennomførbart, reinhaldarane rekk ikkje over alle rom før skulestart og dermed blir dei ikkje vaska så ofte som dei burde ha vore.

Arbeidsrom og personalrom

Arbeidsromma for tilsette på SUBUS er underdimensjonerte, og allereie overfylte. Jf. Arbeidstilsynets forvaltningspraksis skal kvar arbeidsplass ha eit golvareal på minst 6 kvadratmeter. Dermed må vi ved ei eventuell samanslåing bygge fleire eller større arbeidsrom. Skal dette skje innanfor «husets fire vegg» vil det gå ut over undervisningsareal eller fellesareal, forslagsvis skulebiblioteket – noko som for øvrig heller ikkje er i tråd med Stortingsmelding 34, der satsing på skulebiblioteka er eit viktig tema. Personalrommet er heller ikkje stort nok til å «huse» alle tilsette på SUBUS pr. no, noko vi ser på som uheldig med tanke på det psykososiale arbeidsmiljøet og det å ivareta eit godt arbeidsfellesskap – noko som vil vere ekstra viktig dersom vi skal ta imot mange nye tilsette frå andre einingar på éin gong, og etablere ein ny «arbeidsplasskultur».

Bruk av bygningar utanfor SUBUS

Ved flytting av klassar/trinn til brakkeriggjar eller «gulbygget» på gamle Øye vil ikkje berre elevar, men òg tilsette bli isolert frå resten av fellesskapet, trass i at avstanden ikkje er stor. Dette er svært uheldig for det psykososiale arbeidsmiljøet. I ein hektisk kvardag med korte pausar er det ikkje tid til å springe mellom bygningar for å vere med på kaffepausar. Det vil òg vanskeleggjere det (uformelle) faglege samarbeidet på tvers av trinn og tilsettgrupper, og redusere kontakten med leiinga – og dermed redusere moglegheita til å utføre arbeidsoppgåvene våre på ein god måte.

Oppsummering

SUBUS er allereie under stort press – både når det gjeld innvendig areal, uteområde og trafikksituasjon. Dette, i tillegg til auka elevtal i klassane, vil gi konsekvensar for dei tilsette, i form av auka arbeidsbelastning og emosjonell belastning – som på sikt kan føre til sjukefråvær. Den knappe grunnbemanninga på skulen, i samspel med dårleg tilgong på vikarar, gjer at det er avgjerande å halde folk i jobb. Skal vi bevare eit godt og trygt arbeidsmiljø for tilsette og elevar, halde folk i jobb og gi elevane i Surnadal kommune eit forsvarleg opplæringstilbod – og ikkje minst rekruttere nye arbeidstakarar i oppvekstsektoren i åra som kjem – ser vi det som uforsvarleg å samle alle elevane på SUBUS.

Verneomboda på Surnadal barne- og ungdomsskule

Karina Mathilde Jelle og Hanne Dalsegg Heggset